**Kommentar:** Det er i år arrangert tre haustsamlingar mot tidlegare fire. Det er og arrangert kurs i HMS i samband med haustsamlingane.



**KPMG AS**  
Sandviksboder 5  
N-5035 Bergen

Telephone +47 04063  
Fax +47 55 32 11 66  
Internet www.kpmg.no  
Enterprise 935 174 627 MVA

Til årsmøtet i Norske Landbrukstenester

## REVISJONSMELDING FOR 2007

### Leiingas ansvar og revisors oppgåve

Me har revidert årsrekneskapen for organisasjonen Norske Landbrukstenester for rekneskapsåret 2007, som syner et overskot på kr 408 604. Me har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om framleis drift og forslaget til anvending av overskotet. Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg er anvendt ved utarbeiding av rekneskapen. Årsrekneskapet og årsmeldinga er avgjevne av organisasjonens styre og dagleg leiar. Vår oppgave er å uttala oss om årsrekneskapen og øvrige forhold i henhold til revisorlovas krav.

### Grunnlag for vår melding

Me har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at me planlegg og utøve revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av de benytta rekneskapsprinsipp og vesentlige rekneskapsestimat, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgåing av organisasjonens formuesforvaltning og rekneskaps- og intern kontrollsystemer. Me meiner at vår revisjon gjer eit forsvarleg grunnlag for vår uttaling.

### Melding

Me meiner at

- årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gjer eit rettvise bilette av organisasjonens finansielle stilling 31. desember 2007 og av resultatet og endringane i eigenkapitalen i rekneskapsåret i overeinsstemming med rekneskapslovas reglar og god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om framleis drift og forslaget til anvending av overskotet er konsistente med årsrekneskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen 21.02.08  
KPMG AS

Ivar Mjelde  
Statsautorisert revisor

#### Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandefjord
Bodø	Kristiansand	Sandnessjøen
Alta	Larvik	Stavanger
Arendal	Lillehammer	Stord
Bergen	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnsnes	Narvik	Tønsberg
Hamar	Røros	Ålesund

KPMG AS is a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Årsmøte for 2006 fastsette kontingenten for 2007 til kr. 50,- pr. aktiv brukar/kunde, og 0,16% av brutto utlønning i laget (grunnlag til yrkesskadeforsikring).

Det er budsjettert med eit grunnlag på 20.500 medlemsberettiga for 2008, dette er ein nedgang på 43 frå faktisk medlemstal i 2007. Forventa lønnsomsetning er sett til 1.0 milliard kroner.

### **INNSTILLING TIL ÅRSMØTE:**

Kontingentsatsane på kr. 50,- pr. aktiv brukar/kunde vert uendra. Kontingent av den delen som går på omsetning vert også uendra, 0,16%.

### **KONTINGENT 2008:**

20.500 à kr. 50,-:	1.025.000,-
Kr. 1.000.000.000,- x 0,16%:	<u>1.600.000,-</u>
<b>Sum:</b>	<b><u>2.625.000,-</u></b>



### **Årets Avløysar 2007**

Prisen vart tildelt Jan Egil Holm som er tilsett i Steinkjer Avløysarlag.  
Med seg på bilete har han kona, Josephine Holm.

**✓ VELFERDSORDNINGANE**

Arbeidet med å få betre velferdsordningar for bonden er ei kontinuerleg oppgåve. Kvart år kjem NLT med innspel til jordbruksforhandlingane. NLT er sjølvstendig ingen part i forhandlingane, men det er vår plikt å bringa vidare bonden og avløyssarlaga si erfaring, både det som er bra og det som fungerer mindre bra.

For 2008 er det fokusert på desse sakene:

**• Tidlegare utbetaling av tilskot ferie og fritid**

For å betre likviditeten ønskjer vi ei ekstra utbetaling av **dokumenterte** beløp 1. august i avløyssaråret. Eit alternativ kan vera å la næringa sjølv få ansvar for både dokumentasjon og utbetaling av tilskot.

**• Tilskot til sjukdom**

Den reelle kostnaden for å ha avløyssar under sjukdom ligg langt høgare enn det tilskotet er i dag. For å følgje kostnadsutviklinga må tilskotet pr. dag aukast til kr. 1.375,-.

**• Landbruksvikarverksemd – finansiering**

Maks tilskot pr. dag under sjukdomsavløyssing er og grunnlag for bonden sin eigenandel når han nyttar landbruksvikar. For å få til ei landsdekkjande landbruksvikarverksemd, administrert av avløyssarlaga, er det viktig at inntektsgrunnlaget er på plass. Ved å auke maks tilskot pr. dag under sjukdom til kr. 1.375,- oppnår ein fortsatt eit rimeleg tilbod til bonden, når han nyttar landbruksvikar. I tillegg vil eit auka inntektsgrunnlag for avløyssarlaga gjere det lettare å få på plass ei landsdekkjande ordning.

Eit alternativ er å auka tilskotsramma pr. årsverk

**• Tilskot til ferie og fritid**

Frå 1999 og fram til 2007 har maksimalt tilskot for ferie og fritid auka 15,6%. Kostnaden for arbeidskraft har i same periode auka 30,5%. Det maksimale tilskotet må minst aukast til kr. 64.000,- for å følgje kostnadsutviklinga.

**✓ DRIFT AV MEDLEMSLAGA.**

NLT sitt mål er at alle avløyssarlag skal ha tilstrekkeleg kunnskap og hjelpemidlar for å gjera ein best mogeleg jobb for sine medlemmer. For å nå dette målet vil vi arrangere kurs både for tilsette og tillitsvalde slik at dei enkelte lag skal få tilstrekkeleg med kunnskap om drifta av laget.

Det er særst viktig at NLT får kjennskap til vanskar i medlemslaga på eit tidleg tidspunkt. Då kan vi vera ein støttespelar for laget og hjelpa dei ut av vanskaner før det er for seint.

Det hender det er naudsynt med strukturendringar i laget for å oppnå ei effektiv og rasjonell drift. NLT sit med ein del kunnskap på dette området og vil hjelpa laga i slike prosessar.

NLT kan gje råd og vegleiing, men det er alltid det einskilde lag som er ansvarleg for dei tiltak som blir gjennomført.

**✓ SAMARBEID**

Det er mange lag som i dag samarbeidar med andre organisasjonar lokalt. Då er det viktig at dei sentrale organisasjonane føl opp. NLT vil arbeida aktivt for å leggje til rette for slikt samarbeid både lokalt og sentralt i organisasjonane. Dette skal vera samarbeidstiltak som kan vera til nytte både for medlemslaga og bonden.

Samarbeid og fusjonar mellom avløyssarlag, og med andre organisasjonar, stiller større krav til dei arbeidsverktøy som skal nyttast. Det er difor viktig å få på plass dataløysingar som tilfredstiller dei krava og større lag har. Det vil vera positivt om fleire aktørar i landbruket kan nytta seg av same løysing.

**✓ UTANLANDSK ARBEIDSKRAFT/REKRUTTERING**

I 2007 vart det oppretta kontakt mellom Eures og NLT/medlemslaga. Blant anna deltok NLT og nokre medlemslag på jobbmesse i Tallin. NLT vil byggja vidare på samarbeidet med Eures for å leggja tilrette for ei trygg rekruttering frå Europa.

Å overlata arbeidsgjevaransvaret til avløyssarlaget skal vera ein garanti mot sosial dumping. Det er viktig at NLT og avløyssarlaga fortsatt har fokus på dette arbeidet og står for ryddige forhold.

✓ **LANDBRUKSVIKARORDNINGA**

Nokre avløyssarlag er allereie i full gong med den nye ordninga. 2008 vert eit overgangår, der kommunen kan behalde landbruksvikaren ut året. Målet er å få på plass ei landsdekkjande ordning. Det er viktig å få til ei tilfredsstillande ordning for dei det gjeld. For å få avløyssarlaga til å satse må dei ha eit tilfredsstillande inntektsgrunnlag.

Arbeid med å få på plass ein leasingavtale for bilar til landbruksvikarane er i gang. Arbeidet vil halde fram i 2008.

Det skal arbeidast med å få på plass regional opplæring/kursing av landbruksvikar i samarbeid med andre aktørar i landbruket.

✓ **HAUSTSAMLINGANE**

NLT sine årlege haustsamlingar er blitt ein viktig samlingsplass både for tillitsvalde og tilsette. Vi vil som tidlegare ha aktuelle programpostar, slik at alle føler at dei har noko att for å delta. Som i 2007 kjem vi til å tilby ein kursdag i forkant av samlingane. Her skal både tillitsvalde og tilsette finne eit utval av kurs som ein kan melde seg på. Datoane for i år er:

- Hamar (Scandic Hotell) 14. - 16. oktober (den 14. er kursdag)
- Stjørdal (Rica Hell Hotell) 28. - 30. oktober (den 28. er kursdag)
- Bergen (Scandic Airport Hotell) 4. - 6. november (den 4. er kursdag)

Kryss av datoane. Vi veit at alle har nytte av desse samlingane i sitt daglege arbeid. Difor har styret svært lyst til å sei at alle medlemslaga våre har møteplikt.

✓ **INFORMASJON/MARKNADSFØRING**

Det er enno for mange gardsbruk med rett til tilskot ferie og fritid, som ikkje nyttar medlemslaga sine tenester. I ei tid der fleire lag slit med svikt i omsetnaden er det eit felles mål å få fleire bønder aktivt med i avløyssarlaga. For mange lag ligg det også eit potensiale i å tilby tenester til andre utanom landbruket. Det vert arbeida med å nå ut med relevant informasjon til alle bønder.

NLT vil i framtida informere laga raskare og oftare, via intranett, internett og e-post.

NLT vil arbeida aktivt for at NLT og medlemslaga skal verte meir synlege i media.

✓ **VIKARFORMIDLING - "DITT LOKALE VIKARBYRÅ"**

Fleire lag har starta eller ynskjer å starta med vikarformidling. NLT søkte i 2007 om å få støtte til prosjektet "Ditt lokale vikarbyrå". Søknaden vart avvist, men vart anka frå NLT si side. Søknaden skal opp til vurdering hos Kongen i Statsråd. Målet er at avløyssarlaga gjennom NLT skal kunne bli med i eit opplegg med vikarformidling til næringslivet, i tillegg til basisdrifta med avløyssartenester. Arbeidet held fram i 2008.

✓ **KOMPETANSE**

NLT vil i samarbeid med BSF sende innspel på ein forenkling av retningslinjer om tilskot til kursverksemd for avløyssarar og landbruksvikarar. Her vil fokus bli satt på vidareutdanning. Det er eit ønskje å heva satsane kraftig frå dagens nivå. Behovet for vidareutdanning aukar, ikkje minst med tanke på at avløyssarlaga overtar landbruksvikarverksemda.

I tillegg vil vi saman med BSF gå gjennom prosjektet modulbasert opplæring for avløyssarar. Målet er å få prosjektet ferdig i 2008.

Det skal og arbeidast aktivt for å leggja til rette for at kurs over heile landet set HMS på dagsorden.

Vi vil og arbeida for å få innført ei lærlingordning i landbruket med målsetjing om fagbrev.

✓ **TILSKOT UNDER SJKDOM**

NLT skal arbeida for at sjukdom ved barn under 12 år skal utløyssa tilskot til sjukdom på lik linje med når brukaren er sjuk





**NOTE 1: VARER/TENESTER**

**Kommentar:**

*Inntekter* er sal av plass på terminalserver, datalisensar, heimesider, abonnementsinntekter Notes, Compendia Personal og sal av produkter og tenester.

*Utgifter* er vedlikehold av terminalserver, datalisensar, server, internett, Compendia Personal og kjøp av arbeid frå andre.

**NOTE 2: LØNSKOSTNADER STYRET/ADM**

	<b><u>Budsj. 08</u></b>	<b><u>Budsj. 09</u></b>
Administrasjon	1.460.000	1.400.000
Tillitsvalde	300.000	300.000
Bilgodtgjersle	50.000	50.000
Feriepengar	185.000	172.000
Arbeidsgjevaravgift	225.000	200.000
Kollektiv pensjonsforsikring	250.000	225.000
Forsikring	30.000	30.000
Andre lønskostnader	39.000	39.000
	<b><u>2.539.000</u></b>	<b><u>2.416.000</u></b>

**NOTE 3: KONTORHALD**

<i>Dei største postane er;</i>	<b><u>Budsj. 08</u></b>	<b><u>Budsj. 09</u></b>
Husleige	73.500	78.500
Porto	15.000	15.000
Kopiering, trykking	20.000	20.000
Telefon	15.000	15.000
Revisjon	20.000	20.000
Elektrisk kraft	25.000	25.000
Kontorrekvisita	15.000	15.000
Aviser/tidsskrift	10.000	10.000

**NOTE 4: ANDRE KOSTNADER**

<i>Dei største postane er;</i>	<b><u>Budsj. 08</u></b>	<b><u>Budsj. 09</u></b>
Kontingent	56.500	56.500
Gåver	7.500	7.500

**NOTE 5: ÅRSMØTE**

	<b><u>Budsj. 08</u></b>	<b><u>Budsj. 09</u></b>
Møtekostnader	170.000	170.000
Møtegodtgjersle	140.000	140.000
Bilgodtgjersle	22.000	22.000
Reiseoppgjer	100.000	100.000
Arbeidsgjevaravgift	15.000	15.000
	<b><u>447.000</u></b>	<b><u>447.000</u></b>

**NOTE 6: STØTTE/HJELP**

	<b><u>Budsj. 08</u></b>	<b><u>Budsj. 09</u></b>
Støtte fusjonering	125.000	125.000
Midlar opplæring/hjelp	25.000	50.000
	<b><u>150.000</u></b>	<b><u>175.000</u></b>

## VEDTEKTSENDRING § 5. ÅRSMØTET

### NOVERANDE TEKST UNDER ÅRSMØTET SKAL HANDSAMA

1. Godkjenning av innkalling og saklister
2. Val av referent, og to til å underskrive protokollen
3. Årsmelding og revidert rekneskap
4. Fastsetjing av kontingent
5. Arbeidsplan
6. Justering av årets budsjett og fastsetjing av budsjett for komande år
7. Andre saker som er nemnt i innkallinga
8. Val

### FORSLAG TIL NY TEKST UNDER ÅRSMØTET SKAL HANDSAMA

1. Godkjenning av innkalling og saklister
2. Val av referent, og to til å underskrive protokollen
3. Årsmelding og revidert rekneskap
4. Fastsetjing av kontingent
5. Arbeidsplan
6. Budsjett
7. Andre saker som er nemnt i innkallinga
8. Val



Bilete frå Skålagato. NLT held til i andre etasje i lokala til høgre i bilete

		<b>Vald inn i styret</b>
<b>A:</b>	<b>Leiar for 1 år:</b>	Astrid Westberg, Østfold - attval 2005
<b>B:</b>	<b>2 styremedlemer for 2 år:</b>	Finn Hoff, Sør-Trøndelag - attval Webjørn Grambo, Hedmark - ny 2006  Jorulf Refsnes, Rogaland - ikkje på val Widar Skogan, Troms - ikkje på val 2006 2007
<b>C:</b>	<b>Nestleiar for 1 år:</b>	Finn Hoff, Sør-Trøndelag - attval
<b>D:</b>	<b>3 nummererte varamedlemer til styret for 1 år:</b>	1. Ingrid Løset, Møre og Romsdal - ny 2. Ola Thune, Oppland - attval 3. Turid Øverås, Møre og Romsdal - ny
<b>E:</b>	<b>Val av revisor:</b>	KPMG as, Bergen - attval
<b>F:</b>	<b>Møteleiar:</b> <b>Varamøteleiar:</b>	Kjetil Larsgard, Buskerud - attval Ole Martin Pettersen, Nordland - attval
<b>G:</b>	<b>Nytt medlem til valkomiteen:</b>	Åse Ingebjørg Homme, Aust-Agder  Odd Sæheim, Nord-Trøndelag - ikkje på val Hans Nummestad, Østfold - ikkje på val
	<b>Varamedlem for 1 år:</b>	Elisabeth Holand, Nordland – attval
<b>H:</b>	<b>Godtgjersle til tillitsvalde:</b>	Leiar: Kr. 50.000,- + møtegodtgjersle Tlf.: kr. 5.000,- pr. år, eller etter rekning Nestleiar: Kr. 25.000,- + møtegodtgjersle Tlf.: kr. 2.500,- pr. år, eller etter rekning Styremedlem + 1. vara: Kr. 15.000,- + møtegodtgjersle Tlf.: kr. 1.500,- pr. år, eller etter rekning  Møtegodtgjersle: Full dag: kr. 1.700,- Halv dag: kr. 850,-  Satsane inkluderer reisetid. Utgifter ut over dette må dokumenterast.
	<b>Godtgjersle til valte årsmøteutsendingar:</b>	Møtegodtgjersle til same sats som tillitsvalde.

Valborg N. Lindgren har i brev datert 10.02.08 sagt frå seg attval.  
Jim Dahl har sagt frå seg attval.

Valkomiteen har vore: Kristine B. Hetland – leiar, Odd Sæheim og Hans Nummestad

14. februar 2007  
Kristine B. Hetland  
sign.

Frammøtte: 40 utsendingar  
5 frå styret  
3 frå valnemnda  
3 gjester  
4 frå administrasjonen  
1 observatør

Før offisiell opning, helsa Landbruksdirektøren i Nord-Trøndelag, Kirsten Ingjerd Værdal, årsmøtet. Ho hadde ein glitrande gjennomgang av landbruket i fylket, både med historisk tilbakeblikk og kva ho såg for seg framover. Det er ei særskilt viktig næring i Nord-Trøndelag. Totalt er godt over 6000 personar sysselsett i landbruket i fylket.

**Sak 1. Opning v/styreleiar Astrid Westberg**

Styreleiar heldt opningstale.

Ordet vart så overlevert til møteleiar, Kjetil Larsgard.

**Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Innkalling med sakliste vart samrøystes godkjend.

**Sak 3. Val av skrivar og to til å skriva under møteboka**

**Vedtak:** Skrivarar: Evald Storaas og Romar Skeie Olsen

Underskrifter: Torgeir Løkås og Trine Wingereid

Teljekorps: Kristine B. Hetland, Odd Sæheim og Hans Nummestad

**Sak 4. Namneoppdrag, - eventuelle fullmakter**

Det er 40 røysteføre utsendingar og 5 røysteføre frå styret.

**Vedtak:** Ingen merknader.

**Sak 5. Årsmelding for 2007**

Astrid Westberg gjekk gjennom årsmeldinga for 2007 punkt for punkt.

Kommentarane etter gjennomgangen var stort sett positive. Når det gjeldt samarbeidet med Eures, vart NLT oppmoda å ta kontakt med NAV sentralt slik at det vert meir lik praksis i handsaming i dei enkelte fylke. Det same gjeld også ovanfor fylkesmennene, spesielt med tanke på kor langt dei var komne i arbeidet med den nye beredskapsordninga. Dette varierer mykje frå fylke til fylke.

NLT bør også arbeide vidare med utbetalingstidspunkta for refusjon av ferie/fritid, ikkje minst med tanke på dei yngre bøndene med småbarn.

Kan vi gjera noko får å få ned kostnadene ved drifta av NLT. Kan vi ha ei haustsamlinga for heile landet? Går det å ha årsmøte annakvart år?

NLT sin veg vidare: Få til ei marknadsundersøking om korleis stoda er ute i laga. Fleire småfora og samlingar for tilsette/tillitsvalde. Meir kursing generelt.

Styreleiar kommenterte at mykje av dette var NLT alt i gang med å sjå på. Det er viktig å få innspel frå laga.

**Vedtak:** Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.



Sak 6 **Rekneskap for 2007.**

Frode Alfarnes gjekk gjennom rekneskapen og notane til rekneskapen. NLT har ved årsskiftet ein eigenkapital på kr. 3.815.431,35,- inkludert årets resultat.

Rekneskapen syner eit overskot på: kr. 408.604,74

Forslag til disponering:

Overførast fri eigenkapital: kr. 408.604,74

Valborg Lindgren las revisjonsmelding frå statsautorisert revisor Ivar Mjelde i KPMG as, Bergen.

**Kommentarar:**

**Unni Furumo**

Skal vi bruka ein halv million på årsmøtet? Dette bør vurderast. Vidare bør styret sjå nærare på retningslinene for bruk av opplæringsfondet slik at det kan brukast også når færre enn to lag møter.

**Astrid Westberg**

Når det gjeld årsmøtekostnadene, har styret sett på dette i styremøte i dag og det vil bli diskutert vidare. Retningslinene for opplæringsfondet vil vi også sjå nærare på.

**Vedtak:** Rekneskapen for 2007 vart samrøystes godkjend.

Sak 7. **Kontingent 2007**

Widar Skogan orienterte.

Innstillinga til årsmøtet:

Kontingentsatsane på kr. 50,00 pr. aktiv brukar/kunde vert uendra. Kontingent av den delen som går på lønsomsetning vert også uendra på 0,16%. Totalt blir budsjettert kontingenten kr. 2.625.000,-

**Vedtak:** Innstilling samrøystes godkjend.

Sak 8 **Arbeidsplan for 2007**

Finn Hoff gjekk gjennom punkta på arbeidsplanen.

Frode Alfarnes orienterte nærare om status for landbruksvikarordninga.

Dette er ei stor sak som NLT sentralt har brukt og vil bruka ein del ressursar på. Etter kvart som ny informasjon kjem, vil det bli lagt ut på intranett og internett. Vi oppmodar difor alle til å bruka heimesidene aktivt for å halda seg oppdatert.

**Kommentarar til arbeidsplan:**

**Regina Brajkovic**

Ber om at styret vurderer ei rokkering av fylker til haustsamlingane slik at ein kan møte nye fylke år om anna.

Har også eit forslag om bruk av Landbruksvikar/tilskot når barn under 12 år er sjuke.

**Vestfold og Telemark foreslår følgende:**

**Det arbeides for at sykdom ved barn under 12 år utløser tilskudd til sykdom på linje med når brukeren er syk.**



### **John Altenborn**

Det vert stilt høge forventningar til jordbruksoppgjeret i år. Kvifor er ikkje NLT invitert til representantskapsmøte i Norges Bondelag?

BSF vert no omstrukturert; nokre av fylkeslaga vert lagde ned. Meiner at NLT bør sjå på samarbeid med BSF regionalt. Det er viktig med tanke på avløysarkurs.

Kan NLT ha årsmøte i samband med eit vintermøte i staden for haustsamlingane?

### **Jan Klemmetvold**

For å spara kostnader, ber eg om at det vert vurdert å ha årsmøte annakvart år, gjerne i samband med haust/vintersamlingar. Arbeidsplanen høver også godt for gruppearbeid i samband med årsmøtet.

Vidare kan eg godt tenka meg oftare møte laga i mellom med fagleg innhald.

### **Halvar Austvoll**

I Rogaland, med mange avløysarlag, er det dagleg leiar samlingar 4 gonger i året. Eg oppmodar at det vert skipa til kurs om Landbruksvikarordninga.

Årsmøtet vil eg skal vera slik det er i dag.

### **Torgeir Løkås**

Enkelte kommunar får, med den nye Landbruksvikarordninga, ei dårlegare løysing enn dei har i dag.

I enkelte område er kostnaden opptil kr. 2.800 pr. dag. Vidare er det problem med å få

Landbruksvikar til å jobbe i helgane. Maks tilskotet til ferie og fritid bør vera høgare enn kr.

64.000,-.

### **Ingrid Løset**

I Storfjord Landbrukstenester, der eg er styreleiar, brukar vi mykje utanlandsk sesongarbeidskraft.

NLT kan vera med å tilrettelegga språkopplæring, kurs om dyrehelse, karantenebestemmelsar og anna.

Det bør også vurderast forsikringar til styremedlemmene i laga. Gruppearbeid på årsmøta er noko vi bør sjå på.

### **Unni Furumo**

Saknar punkt på arbeidsplanen om samarbeid med forsøksringane. Kva tankar har NLT gjort seg?

Utfordrar til å arbeida for formelt samarbeid lokalt. Vi må vera på hogget heile tida. Det er ein del punkt på arbeidsplanen som er for gamle. NLT ber om innspel. Det vil vi følgje opp.

### **Rolf Ruste**

Vi har store problem med å få tak i avløysarar. Er det råd å få vekk momsens på avløysing ved sjukdom?

### **Frode Alfarnes**

Lova seier at det skal vera mva. på utleige av arbeidskraft. Vi kan prøva, ovanfor styresmaktene, å sjå om avløysing ved sjukdom kan koma inn under sosiale tenester, jfr. kommunane.

Når det gjeld BSF, vil NLT ha ein vidare dialog med dei. Kurssøknader vil no bli sende sentralt til BSF.

### **Astrid Westberg**

NLT er ikkje medlem i Landbrukssamvirke. Om det er eit kriterie for å vera med i representantskapet må vi sjå nærare på, det er også eit kostnadsspørsmål.

Tidsbruk på årsmøtet og haustsamlingane er alltid til vurdering.

Utanlandsk arbeidskraft: Styret skal sjå nærare på kursing/opplæring også her. Samarbeid med forsøksringane er stadig aktuelt.

**Vedtak:** Arbeidsplan med tillegget frå Vestfold/Telemark vart samrøystes vedteke.

Første dag av årsmøtet vart heva kl. 1700.

Festmiddagen om kvelden vart leia av Finn Hoff.

Årets avløyssar, Jan Egil Holm frå Steinkjer fekk overrekt gåver, diplom og blomar frå styreleiar Astrid Westberg. Det var og helsingar frå avløyssarlaget han er tilsett i, Steinkjer Avløserlag, ved dagleg leiar og styreleiar.

#### Sak 9 **Budsjett 2008-2009**

Frode Alfarnes orienterte. Det er ikkje store endringar i høve til 2007. Overskotet er budsjettert til kr. 106.500,- for 2008 og 195.000,- for 2009.

Jan Klemmetvold kom med forslag om å auka støtte til kurs/opplæring, ved å finansiere kostnaden med midlar frå opplæringsfondet, med tanke på kursing av daglege leiarar/kontortilsette. Dette forslaget vil ikkje ha noko innverknad på inntektssida, men på kostnadssida og balansen. Statuttane for bruk av opplæringsfondet må endrast.

**Vedtak:** Forslag til budsjett for 2008 og 2009 vart samrøystes godkjende.

Forslaget frå Jan Klemmetvold vart vedteke som ein del av budsjettet.

#### Sak 10 **Vedtektsendring § 5, årsmøtet**

Jorulf Refsnes gjekk gjennom styret sitt forslag til endring i § 5.

Det kom forslag frå Jan Klemmetvold om at punkt 4 og 5 byter plass, slik at fastsetjing av kontingent vert handsama etter arbeidsplan. Forslaget frå Jan Klemmetvold vart ikkje teke til følgje; då endringsforslag til vedtektene må vere innlevert styret innan 1. januar.

**Vedtak:** Styret si innstilling vart samrøystes godkjent.

Ny tekst § 5, årsmøtet

1. Godkjenning av innkalling og saklister
2. Val av referent, og to til å underskrive protokollen
3. Årsmelding og revidert rekneskap
4. Fastsetjing av kontingent
5. Arbeidsplan
6. Budsjett
7. Andre saker som er nemnt i innkallinga
8. Val

#### Sak 11 **Val etter vedtektene**

Valborg N. Lindgren hadde i brev av 10.02.2008 sagt frå seg attval.

Jim Dahl hadde også sagt frå seg attval.

Kristine B. Hetland, leiar i valnemnda, la fram innstillinga frå valnemnda.

Det var 45 røysteføre ved valet.

#### **Valresultat:**

<b>A: Leiar for 1 år:</b>	Astrid Westberg, Østfold – attval	42 røyster
<b>B: 2 styremedlemer for 2 år:</b>	Finn Hoff, Sør-Trøndelag – attval	44 røyster

Som motkandidat til valkomiteen si innstilling, Webjørn Grambo, kom det benkeforslag frå årsmøtet på Ellen Svarstad, Nordland som kandidat til vervet som styremedlem for 2 år.

Webjørn Grambo, Hedmark – ny	22 røyster
Ellen Svarstad, Nordland – ny	23 røyster

Jorulf Refsnes, Rogaland - ikkje på val  
Widar Skogan, Troms - ikkje på val

**C: Nestleiar for 1 år:** Finn Hoff, Sør-Trøndelag – attval 44 røyster

**D: 3 nummererte varamedlemer til styret for 1 år:**

Som motkandidat til valkomiteen si innstilling, Ingrid Løset kom det benkeforslag frå årsmøtet på Jim Dahl, Nordland som kandidat til vervet som 1. varamedlem til styret for 1 år.

1. Ingrid Løset, Møre og Romsdal, - ny	30 røyster
Jim Dahl, Nordland,	15 røyster

2. Ola Thune, Oppland – attval	Samrøystes
3. Turid Øverås, Møre og Romsdal – ny	Samrøystes

**E: Val av revisor:** KPMG as, Bergen – attval Samrøyste

**F: Møteleiar:** Kjetil Larsgard, Buskerud – attval Samrøystes

**Varamøteleiar:** Ole Martin Pettersen, Nordland – attval Samrøystes

**G: Nytt medlem til valkomiteen:**

Som motkandidat til valkomiteen si innstilling, Åse Ingebjørg Homme, kom det benkeforslag frå årsmøtet på Elisabeth Holand, Nordland som kandidat til nytt medlem til valkomiteen.

Åse Ingebjørg Homme, Aust-Agder – ny	23 røyster
Elisabeth Holand, Nordland – ny	22 røyster

Odd Sæheim, Nord-Trøndelag - ikkje på val  
Hans Nummestad, Østfold - ikkje på val

**Varamedlem for 1 år:** Elisabeth Holand, Nordland – attval Samrøystes

**H: Godtgjersle til tillitsvalde:** Leiar: Kr. 50.000,- + møtegodtgjersle  
Tlf.: kr. 5.000,- pr. år, eller etter rekning

Nestleiar: Kr. 25.000,- + møtegodtgjersle  
Tlf.: kr. 2.500,- pr. år, eller etter rekning

Styremedlem + 1. vara: Kr. 15.000,- + møtegodtgjersle  
Tlf.: kr. 1.500,- pr. år, eller etter rekning

Møtegodtgjersle: Full dag: kr. 1.700,-  
Halv dag: kr. 850,-


Satsane inkluderer reisetid. Utgifter ut over dette må dokumenterast.



Godtgjersle til valte  
årsmøteutsendingar:

Møtegodtgjersle til same sats som tillitsvalde.

Årsmøte avslutta 03.04.2008 kl. 1030.  
Referentar. Romar Skeie Olsen og Evald Storaas.

  
Trine Wingereid

  
Torgeir Løkås



Norske Landbrukstenester (NLT) vart starta i 1991. Det er ein sjølvfinansiert medlemsorganisasjon for avløyssarlag og landbrukstenester i Noreg. NLT si hovudoppgåve er å arbeida for at medlemslaga skal kunne tilby bøndene tenester av høg kvalitet. Først og fremst for å dekkje behovet for kvalifisert arbeidskraft.

#### NLT –arbeider for:

- Betre samarbeid og felles målsetjing i landbruket.
- Betre trivsel og tryggleik for den enkelte bonde, og for arbeidstakarane.
- Større effektivitet og opplæring.
- Betre ressursutnytting, både fagleg og økonomisk.
- Produktutvikling/informasjon.

#### Kva gjer vi:

- Samarbeidar med faglaga, staten og andre i landbruket for å oppretthalde og forbetre velferdsordningane for bonden.
- Sørge for at kvart enkelt medlemslag er godt rusta i kvardagen. Dette gjer vi ved å hjelpe dei innan:
  - Økonomi - rekneskap og lønn
  - Personalhandsaming
  - IKT
  - Bedriftsleiing
  - Reglar og forskrifter
  - Fusjonering og samarbeid med andre
- Forhandlar fram gode forsikringsordningar for medlemslaga.
- Tilbyr ein god OTP-ordning for bøndene og ansatte.
- Tilbyr kurs og haustsamlingar for tilsatte og tillitsvalte i medlemslaga.

Organisasjonen hadde i 2007 134 medlemslag.

#### Målsetting:

- Redusera kostnadane for den enkelte bonde gjennom auka samarbeid.
- Arbeida for betre og enklare velferdsordningar.
- Meir profesjonelle medlemslag, som gjer ein best mogleg jobb for den enkelte bonde.
- Større krav til *resultat* av arbeidet. Det skapar tryggleik og trivsel i næringa.

#### Styret:

- Styret består av 5 personar, valt av årsmøtet.
- Inntil eit styremedlem kan vera dagleg leiar, resten tillitsvalte.
- Styreleiar er på val kvart år.
- Styremedlemmene elles er på val kvart andre år.
- 1. varamedlem møter fast på alle styremøter.

#### Administrasjon:

Administrasjonen ligg i Kvinnherad Kommune, og har 4 tilsette med til saman 3 årsverk.